

Filmar Tysnesingane sitt seglareventyr

Når «America's Cup» går av stabelen i 2007, ynskjer Kjell Magnus Økland at svært mange skal ha hørt historia om jåttseglarane fra Tysnes. Difor lagar han no ein femti minuttars fjernsynsdokumentar om emnet.

Kjell Magnus Økland frå Gjerstad og filmkollegaen hans Arne Sørenes frå Bømlo er halvvegs i sitt store filmprosjekt. Dei to vil fortelja historia om jåttseglarane frå Vestlandet og Tysnes. I meir enn tredeve år var mange tysnesingar med på den eldste og viktigaste kappseglasen i verda, America's Cup.

Norsk og engelsk

– Eg synest historia er så spesiell at ho fortener å verta fortalt, seier Kjell Magnus, som er levande interessert i den gamle soga. Økland har segla oselvar sidan han var 12 år, og har fått servert mange forteljingar om eitt av dei mest gullkanta eventyra i Tysnessoga.

Kjell Magnus vonar filmen vil bli sendt på norsk og utanlandske fjernsyn i forkant av seglasen «America's Cup», som neste gong vil gå av stabelen i Spania i 2007.

Dei to planlegg å få filmen ferdig til jul, og då skal dei freista å selja visningsrettar til filmen til fjernsyn. Difor vert det laga ein norsk og ein engelsk versjon av dokumentaren, som tek sjåarane med på ei maritim reise attende i tid.


Jåttseglarhistoria på Tysnes startar med Engsel Johan Olai Kristensen Vaage. På slutten av 1800-talet er han tilfeldigvis i New York. Der møter han på ein kaptein på jakt etter mannskap til det amerikanske kappseglaarmiljet. Vaage mønstrar på.

Tapte mot nordmenn

Det syner seg at tysnesingen har eit stortalent for kappsegling. Engsel Vaage rykkjer fram i gradene, og får sitt å seia på mannskapsrekutteringa. Og dei Vaage kjenner, kjem frå Tysnes. Dermed kjem det fleire sjødyktige tysnesingar på jåttane, og snøballen tek til å rulla. I 1930 var det mellom 100 og 130 tysnesingar som deltok i America's Cup.

– Eg tapte ikkje mot amerikanarar, men mot nordmenn, sa engelskmannen Lipton då han tapte tevlinga eitt år. Uttrykket «the norwegian steam» (den norske dampen) kjem i følge Kjell Magnus frå kappseglaartida, fordi det norske mannskapet var så gode å kappsegla at båtane gjekk som dampbåtar.

Frå 1937 vart kappseglings-



Kjell Magnus Økland er halvvegs i eit filmprosjekt om jåttseglarane frå Vestlandet og Tysnes. Vona er at filmen vil bli sendt på norsk og internasjonalt fjernsyn i forkant av America's Cup i Spania i 2007.

båtane mindre, og behovet for arbeidskraft vart redusert. Difor var jåttseglaarkarrieren over for dei fleste tysnesingane.

Filmopptak i USA


– Denne historia handlar jo om moderne entreprenørskap. Fiskarbonden frå det tradisjonelle Tysnessamfunnet har ein kompetanse. Kompetansen er tusen ulike småting som dei lærte då dei var små, og som sit i fingrane. Denne kunnskapen syner seg å plutselig verta ekstremt interessant i ei moderne setting, blant amerikanske milliardærar med store båtar, seier Kjell Magnus.

Han og Arne Sørenes har til saman fått 35.000 kroner i støtte frå Tysnes kommune til filmprosjektet.

– Det kjem godt med, lover Kjell Magnus, som også søker andre kjelder om støtte. Dei to får god hjelp av kjærasten til Kjell Magnus, Karen Maria Andersson frå Sverige. Ho er mellom anna med som språkkonsulent, og lukar ut ting som ikkje er forståeleg for andre enn nordmenn.

I desember i fjor reiste dei to filmkarane på ei arbeidsreise til USA. Der intervjuja dei to utvandra tysnesingar, Gunnar Færevåg og Bernhard Hagestad, som i si tid var mannskap på kappseglaarbåtar. Færevåg vann America's Cup i 1934, på båten Raibow, og Hagestad var mellom anna mannskap på båten Weetamoe i 1931.

Dei har også gjort andre filmopptak, både i USA og på Tysnes. Mellom anna har dei gjort eit intervju med nyleg avdøde Olav Lunde. Som 15-åring var han med far sin Johannes Lunde og arbeidde



J-båten Whirlwind segla berre ein sesong, i 1930. Mannskapslista avslører at omlag halvparten ombord kom frå Tysnes.

Foto: Olav Lunde.

på slepebåten til kappseglaaren Whirlwind.

Dei to har også fått tilgang til gamle filmopptak som syner eit kvitkledd og solbrunt mannskap ombord i dei store seglbåtane.

– Her kan eldre folk kjenne att tysnesingar, peikar Kjell Magnus på når han syner ein liten prøvefilm for journalisten.

Prestisjetung cup

Kappseglinga starta allereie i England i 1851, med amerikanske og engelske båtar i konkurransen. Amerikanarane vann tevlinga. Dermed vart

engelskmennene gretne, og ville ha ny runde. Slik vart «America's Cup» til, og ein vart samde om at han skulle vera evigvarande.

I 1920 var America's Cup det første arrangementet som

vart sendt direkte på radio over Atlanteren.

– Det var verdas største idrettshending på den tida. Du må hugsa at fotball-VM enno ikkje hadde starta, seier Kjell Magnus.

I kroner er konkurransen framleis den fjerde mest prestisjetunge i verda, etter fotball-VM, OL, og Formel 1. Det seier sitt at då New Zealand var vertsland, nytta landet 15% av statsbudsjettet sitt på arrangementet, og at kvar båt i 2003 hadde eit gjennomsnittleg budsjett på 330 millionar kroner.

Difor vert det spennande å sjå om litt av dei store summane vil gå til å kjøpa ein femti minuttars dokumentarfilm om jåttseglaarane frå Vestlandet og Tysnes.

JORUN K. ØGAARD

